Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. 7.

Herad: Beitstad

Emne: Skav.

Bygdelag: Dalbygda

Oppskr. av: Olav Jønnum

Gard: Jønnum

(adresse): Beitstad

G.nr. 55 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Hev ikkje høyrt om nokon skjilnad i prisen.

2. Ikkje at kjøtet vart svart, men om det vart bruka mye skav serleg av asp kunde kjøtet verta beist.

3. Hev ikkje høyrt det. Men om kua fikk mye skav, serleg av asp kunde mjelka verta beisk.

4. Det var lidt forskjell med bruken av skav. Det måtte kunde vera eit tilfor for vinteren.

5. Til skaving vart bruka tollekniv, og delvis barkekniv om det var store stranga som skulde skavast.

6. Hev ikkje vore nytta her.

7. Dei fikk taka skav i ålmenning eller privat skog etter og ha fått loyve for kvar gong.

10566

Det vart skjeldan betala noko for skav, da rogn som serleg vart nytta til skav, var rekna for og vera til skade for barskogen.

8. Nei. 9. Ja, etter løyve.

10. Etter utvisning for kvar gong.

11. I gamal tid var det mye brukt og skava i fjellet og bera skavet heim i sekki. Da vart det søkt til ein lun stad for og vera med skavinga, til dømes ei stor gran eller ein berghellar. Ein slik stad vart kalla „skavplass" eller „skavhellar."

12. Hev ikkje høyrt om noko slikt.

10566

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING